

# Vedlikehald skogfondskonto

## Innhold

Generelt:.....	1
Typiske feil og løysingar: .....	2
Forslag til innhold i brev: .....	3

## Generelt:

Kontoopplysningane i ØKS blir henta fra data i Landbruksregisteret. Ta difor kontakt med ansvarleg for Landbruksregisteret i kommunen når du skal starte dette arbeidet.



Vel fana «Vedlikehold» - «Skogfondskonto» - «Søk»

Start gjerne med kontoar under siste kategori på lista.

NB! Same konto kan stå under fleire kategoriar, og blir borte eller kan flytte seg over til anna kategori når du endrar kontoopplysningar.

Trykk på skogfondkontonummeret:

·1 - Eiendom finnes ikke i LREG.					
Konto	Hovednr	Fødselsnr	Orgnr	Dagens saldo	
S4611-0013	4/2/0	25015245371		-0,40	
S4611-0194	48/2/0	11064548567		1 436,00	
S4611-0319	74/1/0	21126235329		602,00	
·2 - Eiendom ikke aktiv i LREG.					
Konto	Hovednr	Fødselsnr	Orgnr	Dagens saldo	
S4611-0003	149/5/0	21017328848		0,00	
S4611-0013	4/2/0	25015245371		-0,40	
S4611-0070	101/2/0	30097035934		0,00	
S4611-0096	5/1/0	12088645039		42 648,00	
S4611-0194	48/2/0	11064548567		1 436,00	
S4611-0232	101/6/0	27087336420		0,00	
S4611-0319	74/1/0	21126235329		602,00	
·3 - Kontoeier har ingen eiendomstilknytning til eiendommen.					
Konto	Hovednr	Fødselsnr	Orgnr	Dagens saldo	
S4611-0308	46/2/0	09071049393		0,00	
·4 - Kontoeier er ikke aktiv.					
Konto	Hovednr	Fødselsnr	Orgnr	Dagens saldo	
S4611-0308	46/2/0	09071049393		0,00	
·5 - Kontoeier er død, men konto er ikke markert som dødsbo.					
Konto	Hovednr	Fødselsnr	Orgnr	Dagens saldo	
·6 - Konto er markert som dødsbo, men kontoeier har ikke status DØD.					
Konto	Hovednr	Fødselsnr	Orgnr	Dagens saldo	
·7 - Konto er markert som dødsbo, men kontoeier har ikke LBR-adresse.					
Konto	Hovednr	Fødselsnr	Orgnr	Dagens saldo	

Dei fleste meldingar er sjølvforklarande og krev at ein vel ny eigar eller endrar persontype.

Kommunen undersøker kva som må gjerast og melder dette til landbruksregisteret og statsforvalter.

Skal rettast direkte av kommunen:

- Persontype
- Velje eigar av skogfondkontoen (når det er fleire eigalar)
- Slette konti.

Må rettast av SF etter beskjed frå kommunen:

- Ny eigar av skogfondkontoen (ved eigedomsovertaking)
- Overføring av midlar til konto for hovudbruk (ved eigedomsovertaking)

Hentast frå landbruksregisteret og må rettast der dersom det er feil:

- Ny eigar av eigedommen
- Registrere kontaktperson v/dødsbo
- Areal skog

## Typiske feil og løysingar:

Kategori	Typiske feil	Løysing
1	Feil i landbruksregisteret	<ul style="list-style-type: none"> <li>Meld ifrå til ansvarleg for landbruksregisteret (LREG).</li> </ul>
2	Eigedommen er slått saman med ein annan eigedom	<ol style="list-style-type: none"> <li>Dersom det er ein ny skogeigar: be om skriftleg stadfesting på overføring av saldo til konto for hovudbruk (sjå forslag til innhald i brev nedanfor).</li> <li>Send liste/dokumentasjon på e-post til SF for overføring.</li> <li>Slett konto etter overføring av saldo.</li> </ol>
2	Skogareal er 0	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dersom det ifølge matrikkel <b>er</b> skogareal på eigedomen, må skogarealet først registrerast i LREG for at konto skal bli aktiv.</li> </ul>
3	Dersom det er registrert fleire eigarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vel kontoeigar med «Eiertilnytning 1»</li> <li>Dersom det er registrert fleire eigarar med «Eiertilknytning 1»: Send brev til alle og be om signert avtale om kven som skal stå som eigar av skogfondskontoen (sjå forslag til innhald i brev nedanfor).</li> </ul>
4	Det er ikkje registrert ny eigar ved død/dødsbu	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontaktperson/bustyrar må registrerast i LREG (før det kan betalast midlar ut frå kontoen).</li> </ul>
4,5	Dødsbu utan historikk og med saldo under 10 kroner	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kan slettes (når saldo er null) om det ikkje er truleg, at dette blir å rekne som ein aktiv skogeigedom igjen</li> <li>Beløp under 10 kr kan overførast til kommunens rentemiddelkonto – små negative beløp kan dekkast av same.</li> <li>Send liste/dokumentasjon på e-post til SF for overføring. Når overføring er utført kan konto slettast i ØKS</li> </ul>
4,5	Eigedommen er ikkje lengre ein skogeigedom.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Konto med areal under 10 dekar kan slettast når konto er tom. Beløp utbetalast til skogeigar.</li> <li>Send liste/dokumentasjon på e-post til SF for overføring. Når overføring er utført kan konto slettast i ØKS</li> </ul>

## Forslag til innhald i brev:

Nedanfor følgjer tekst som kan nyttast i brev til skogeigarar.

- Adresser, gnr/bnr og skogfondsaldo kan hentast ut i ØKS ved å kopiere teksten direkte i nettlesaren og lime det inn i eit Excel ark.
- Informasjon frå Excel ark kan koplast til brevet ved å nytte flettefelt.

### Forslag til innhald i brev til skogeigarar der det har vore eigarskifte og det nye eigarskapet er fordelt på fleire eigarar:

#### **Kommunen manglar ein kontaktperson for skogfondkonto**

Du er registrert som ein av fleire grunneigarar på Gnr. XX Bnr. XX. Det er knytt ein skogfondkonto til denne eigedommen, men vi manglar informasjon som kven som skal stå som kontoeigar. Vi ber med dette om å få opplyst kven av eigarane som skal stå som kontoeigar og dermed disponere kontoen.

Saldoen pr dd er: xxx

Registrerte eigarar:

Namn	Adresse	Poststed
SKOGHEIM HENNING OLAV	SKOGVEGEN 123	5382 SKOGSVÅG
SKOGHOLT JANNE SOFIE	SKOGVEGEN 8	5382 SKOGSVÅG

#### **Kva er ein skogfondkonto?**

Skogfond er ei ordning for skogeigedommar i Noreg. Kvar gong det vert selt tømmer frå skogen er skogeigar pålagt å setja av mellom 4-40% av fortjenesta på ein skogfondkonto. Midlane på kontoen kan berre brukast på investeringar i skogen. Til gjengjeld er 85% av beløpet unntake skatt. Dette er ei svært gunstig ordning for skogeigarar som skal investere i skogen sin. Meir informasjon om skogfond finn du på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk>

#### **Kven kan disponere midlane på skogfondkontoen?**

Midlane på ein skogfondkonto høyrer til eigedommen. Ved sal, eller når eigedommen blir overdratt til neste generasjon, overtek den/dei nye eigar(ane) skogfondkontoen og dei midlar som står på kontoen. Ved delt eigarskap må eigarane sjølv bli einige om kven som skal disponere kontoen og melde dette til kommunen. Ved uoppgjorte dødsbu kan ein bustyrar registrerast som disponent for kontoen.

#### **Kva gjer me om dette ikkje lenger er ein skogeigedom?**

Skogfondkonti er blitt oppretta for alle skogeigedommar med meir enn 10 dekar med skog. Sidan dei blei oppretta kan det ha vore endringar som har ført til at dette ikkje lengre er å rekne som ein skogeigedom. Dersom eigedommen har mindre enn 10 dekar skog, kan kontoeigar søke om å få utbetalt skogfondet, og skogfondkontoen blir då sletta. Dette gjeld og der ein kan vise til at det ikkje er investeringsbehov på eigedommen dei komande 10 åra.

Opplysningar om kontaktperson for skogfondkonto skal sendast skriftleg til [xxx@xxx.no](mailto:xxx@xxx.no). Dokumentasjonen må innehalde signatur frå alle eigarane.

**Forslag til innhald i brev til skogeigarar der det har vore eigarskifte og skogfondsmidlar skal overførast til ny eigar, og vi treng stadfesting på overtaking av eigedommen**

**Overføring av skogfondmidlar til hovudbruk**

Det er registrert 2 skogfondkonti i ditt namn. Dette kjem truleg av at du har overteke ein eigedom og at skogfondkontoen ikkje er blitt overført enda. Vi ber med dette om å få bekrefta at Gnr. xx og Bnr. xx er overteke i si heilheit og at skogfondsmidlar som er tilknytt denne eigedommen, kan overførast til skogfondkonto for hovudbruket med Gnr. xx og Bnr. xx.

**Kva er ein skogfondkonto?**

Skogfond er ei ordning for skogeigedommar i Noreg. Kvar gong det vert selt tømmer frå skogen er skogeigar pålagt å setja av mellom 4-40% av fortanesta på ein skogfondkonto. Midlane på kontoen kan berre brukast på investeringar i skogen. Til gjengjeld er 85% av beløpet unntake skatt. Dette er ei svært gunstig ordning for skogeigarar som skal investere i skogen sin. Meir informasjon om skogfond finn du på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk>

**Kven kan disponere midlane på skogfondkontoen?**

Midlane på ein skogfondkonto høyrer til eigedommen. Ved sal, eller når eigedommen blir overdratt til neste generasjon, overtek den/dei nye eigar(ane) skogfondkontoen og dei midlar som står på kontoen.

Opplysningar om overtekne eigedomar og gnr/bnr for hovudbruk meldast til [xxx@xxx.no.xx](mailto:xxx@xxx.no.xx)